

Nesjarane vann etter sterk innspurt

14.07.2010



Intenst oppgjer leia av Torfinn Myklebust (st  ende bak). Foran sit det sigrande laget.

Nesjarane gjekk til topps etter ein sterk innspurt i sommarquiz nummer 2 p   Vertshuset i kveld.

F  r den siste runden skilte det berre 1 poeng mellom dette laget og det som kalla seg Stord 1.

Men dette laget bomma p   den avsluttende tiaren.



Nesjarane fekk g  vekort p   700 kroner som premie. Her st  r verten Morten Nilsen saman med vinnarane: Dag Hermansen, Geir

Hermansen, Berit Lappegård og Harald Pedersen.

Feriegjest-laget Nesjarane gjekk til topps også i Helgheim-quizen sist vinter - og tar til å vinna seg ein lokal posisjon.

I denne andre quizen var det med 6 firemannslag og ein enkeltperson og oppgjeret vart svært vellukka. Torfinn Myklebust som hadde laga spørsmåla også denne gongen, leia oppgjeret på sikkert og profesjonelt vis og vert Morten Nilsen heldt rede på tala etterkvart som oppgjeret utvikla seg.

Sist var det nokre som meinte at spørsmåla var i vanskelegaste laget, men ingen klaga på det denne gongen.

Det starta med nyhende og heldt fram med historie, kultur, geografi og sport før finalerunden som altså avgjorde det heile.

Nyhende-spørsmåla var tildels superaktuelle. Til dømes ville programleiaren veta kven som vann kokkekampeni Rosendal i helga.

Eit spenstig kulturspørsmål var kven som toppar vekas VG-liste og eit historie-spørsmål å grunna over var kven som vart valt til konge på Eidsvoll i mai 1814.

Det var heller ikkje så lett å veta om Kolvereid, Setermoen eller Skudeshavn er Noregs minste by - og kor mange poeng leiar Rosenborg med akkurat no?

Her er resultata:

1. Nesjarane 60
2. Stord 1 51
3. Søstrene Bjørklund 37
4. Byggmester Stensletten 36
5. Pondus på tur 34
6. Bjørnar 30
7. Torill Myklebust 22

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Stord 1 tapte på målstreken. På laget var Kristian Olav Bringedal, Endre Neset, Anita Enæs og Øystein Enæs.